

Jens Bjelkes gt. 12, Boks 4672 Sofienberg N-0506 OSLO
Telefon 22 70 78 00 Telefaks 22 68 75 02
Bankgiro 8101.07.00159
www.samlaget.no

Kunnskapsdepartementet
Postmottak@kd.dep.no

Dykker ref.: 200806678

Oslo, 26. februar 2009

Høyringsnotat om framlegget til endring i universitets- og høgskolelova

Vi viser til høyringsbrevet datert 15.01.09.

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget er glad for at departementet har kome med framlegget som vil klarleggje det ansvaret universitetet og høgskolane har for norske språk.

Regjeringa la våren 2008 fram stortingsmelding 35 ”Mål og meining” der det blir lagt eit grunnlag for ein ny strategisk språkpolitikk med eit heilskapleg perspektiv på språk og samfunn. Meldinga blir drøfta i Stortinget i mars 2009. I meldinga er det som eitt av dei prioriterte tiltaka fastsett:

Regjeringa legg opp til at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når spørsmålet som vedkjem norsk språk, blir tematisert.

Vi kan ikkje sjå at departementet har gjort dette i ei av dei første meldingane som er lagt fram etter St. Meld. 35. og det ville vi svært gjerne skulle vore gjort. For ikkje å miste tempoet i lovendringa gjer vi framlegg til ei tydeleggjering i lovframlegget:

1. Lovtekst

Framlegget i høyringsnotatet § 1-5 er:

”Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk”.

Vi gjer framlegg om denne endringa:

”Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk (**bokmål og nynorsk**) fagspråk”.

Vi ser gjerne også at lova får dette tilleggat:

Undervisningsspråket skal til vanleg vere norsk

2. Vurdering

Vi ber også om at departementet får utarbeidd ei vurdering slik språkmeldinga legg opp til, sjå ovenfor.

3. Inntektssystemet for universitetet og høgskolane

Vi ber om at departementet vurderer inntektssystemet på nytt slik at norskspråkleg publisering blir likestilt med engelskspråkleg publisering og at utarbeiding av læremiddel for universitet og høgskolar blir rekna med i inntektssystemet.

Med vennlig helsing

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Sigve Gramstad
Styreleiar

Tove Lie
Sekretær